

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 30.01.2007 **Tid:** 15.00-18.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6 , inkl. 0 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Liv Berit Khadoor

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet: Konsulent Magda Haugen under sak 1-2/07. Ass.adm,sjef Hilde-Lill Våge heile møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 1. februar 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Ass.adm.sjef orienterte og viste bilete frå det ” digitale klasserommet” på Gjerde.

Audhild Olsnes etterspurte svar frå teknisk på brev frå søkjarane om leikeplass på Bjørkheim.

Ass.adm.sjef tek dette opp med sakshandsamar.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Skjenkekontrollen v/Harald Johnsen informerte om kontrollen sitt arbeid, IK-kurs og ansvarleg vertskap og kontroll.
- Audhild Olsnes orienterte om arbeidet med Stolpane skulehus. Ho reknar med at huset kan verte ferdig til 17. mai.
- Geir Markhus orientere om byggjekomiteen sitt arbeid og at leiar for teknisk eining i desse dagar sender ut eit delt anbod på opparbeiding av tomta og bygging av barnehagen på Gjerde. Anbodet skal ligge ute i Doffin i ein månad før byggjekomiteen kjem med tilråding til kommunestyret i aprilmøtet.
- Ass.adm.sjef orienterte om jubileumsnemnda sitt arbeid med 100-årsjubileet. Lag og organisasjonar er tilskreve og kommunen arbeidar med ulike arrangement internt i einingane. Veke 24 vil bl.a verte ei festveke med mange spennande arrangement. Gjennom resten av året håper kommunen på at det vil komme til både små og store prosjekt etterkvart.
- Orienteringa om Små-kraftprosjektet vert utsett til neste møte.
- Audhild Olsnes orienterte om kulturmonstringa for ungdom den 3. februar og oppmoda utvalet å stilla og hjelpe til. Vidar Rolland vart med som medlem i juryen.
- Utvalet vart orientert om nye sosialhjelpsatsar for 2007. Sosialleiar har oppjustert dei i tråd med reglementet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/07	03/00052 RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE
0002/07	07/00022 BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE 2008 - 2011
0003/07	05/00389 KULTURPRISEN 2005 /2006.
0004/07	07/00027 KULTURPLAN FOR SAMNANGER.
0005/07	07/00030 FAGLEGE KRAV VED TILSETJING I GRUNNSKULEN.
0006/07	07/00033 SYSTEM FOR SKULEVURDERING I SAMNANGER KOMMUNE.

0001/07

RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Rolland orienterte om merknad sendt på mail frå Lensmannen. Kommunen hadde ikkje motteke denne og utvalet fekk difor kopi av denne i møtet.

Inge Aasgaard sette fram følgjande fellesframlegg:” Samnanger kommune vedtek ruspolitisk handlingsplan for Samnanger kommune, slik den ligg føre under føresetnad om at følgjande pkt. vert innarbeidd i planen:

- Rammer for sals- og skjenkeløyve med følgjande vedlegg:
 - delegasjonsreglement ved skjenkeløyve,
 - reglement for bruk av offentlege bygg
- reaksjonsdokument i høve brot på sals- og skjenkevilkåra
- kommunestyret løyver kr. 10.000.-. årleg i 4 år til handlingskampanje for barn og unge.”

Det vart røysta over fellesframlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek ruspolitisk handlingsplan for Samnanger kommune, slik den ligg føre under føresetnad om at følgjande pkt. vert innarbeidd i planen:

- Rammer for sals- og skjenkeløyve med følgjande vedlegg:
 - delegasjonsreglement ved skjenkeløyve,
 - reglement for bruk av offentlege bygg
- reaksjonsdokument i høve brot på sals- og skjenkevilkåra
- kommunestyret løyver kr. 10.000.-. årleg i 4 år til handlingskampanje for barn og unge.”

0002/07

BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE 2008 - 2011**Framlegg til vedtak::**

Det vert starta opp arbeid med å utarbeida bustadsosial handlingsplan for Samnanger kommune 2008-2011

- Utvalet for oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for planen.
- Det vert oppnemnd ei administrativ arbeidsgruppe der følgjande fagpersonar er med
 - Leiar for Sosial- og helseininga Thore Austnes – leiar for gruppa
 - Leiar for Eining for pleie- og omsorg Grete Lill Hjartnes.
 - Psykiatrisk sjukepleiar Ingrid T. Reknes.
 - Koordinator for funksjonshemma Hilde Seger.
 - Kommunal fysioterapeut Åse W. Tveit.

- Sosial- og barnevernskonsulent Tom Arild Rysjedal.
- Konsulent i administrasjonsjefen sin stab Magda Haugen - sekretær for gruppa.
- **Mandatet** for arbeidsgruppa vert: Utarbeiding av bustadsosial handlingsplan for Samnanger kommune. Planen skal innehalda ein kartlegging av situasjonen i Samnanger kommune når det gjeld omfanget av bustadsosiale problem. Vidare skal planen innehalda hovudmål, delmål og tiltak i arbeidet. Planen skal vera ferdig til første handsaming i Utvalet for oppvekst og omsorg 14.06.07. Planen skal få si endelege handsaming av Kommunestyret.
- Administrasjonen skal orientera Utvalet for oppvekst og omsorg undervegs i arbeidet.
- Administrasjonen søker Husbanken om tilskot til planarbeidet.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert starta opp arbeid med å utarbeida bustadsosial handlingsplan for Samnanger kommune 2008-2011

- Utvalet for oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for planen.
- Det vert oppnemnd ei administrativ arbeidsgruppe der følgjande fagpersonar er med
 - Leiar for Sosial- og helseeininga Thore Austnes – leiar for gruppa
 - Leiar for Eining for pleie- og omsorg Grete Lill Hjartnes.
 - Psykiatrisk sjukepleiar Ingrid T. Reknes.
 - Koordinator for funksjonshemma Hilde Seger.
 - Kommunal fysioterapeut Åse W. Tveit.
 - Sosial- og barnevernskonsulent Tom Arild Rysjedal.
 - Konsulent i administrasjonsjefen sin stab Magda Haugen - sekretær for gruppa.
- **Mandatet** for arbeidsgruppa vert: Utarbeiding av bustadsosial handlingsplan for Samnanger kommune. Planen skal innehalda ein kartlegging av situasjonen i Samnanger kommune når det gjeld omfanget av bustadsosiale problem. Vidare skal planen innehalda hovudmål, delmål og tiltak i arbeidet. Planen skal vera ferdig til første handsaming i Utvalet for oppvekst og omsorg 14.06.07. Planen skal få si endelege handsaming av Kommunestyret.
- Administrasjonen skal orientera Utvalet for oppvekst og omsorg undervegs i arbeidet.
- Administrasjonen søker Husbanken om tilskot til planarbeidet.

0003/07

KULTURPRISEN 2005 /2006.

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i møte:

Utvalet gjekk igjennom retningslinene for utdeling av kulturprisen. Utvalet drøfta både dei innkomne forslag på kandidatane og andre aktuelle prisvinnarar. Utvalet har høve til sjølv å kome med forslag.

Inge Aasgaard sette fram følgjande fellesframlegg: ” Oppvekst og omsorg tildeler kulturprisen for 2006 til Samnanger idrettslag (SIL). SIL har gjennom 70 år drive eit svært stort og aktivt kulturarbeid i kommunen.”

Det vart røysta over fellesframlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Oppvekst og omsorg tildeler kulturprisen for 2006 til Samnanger idrettslag (SIL). SIL har gjennom 70 år drive eit svært stort og aktivt kulturarbeid i kommunen.

0004/07

KULTURPLAN FOR SAMNANGER.**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune startar i februar 2007 arbeidet med å utarbeide ein Kulturplan for kommunen.

- **Organisering;** Oppvekst og omsorg er styringsgruppe for planen. Det vert oppretta ei tverrfagleg prosjektgruppe med følgjande 8 medlemmer; kulturkonsulent, kulturskulerektor, biblioteksjef, barnas repr., plan/miljøsjef, 1 repr. PLO, 1 repr. Helse/fysioterapeut og ass.adm.sjef. Ass.adm.sjef er leiar for prosjektgruppa og kulturkonsulenten er sekretær. Prosjektgruppa oppretter arbeidsgrupper og medlemmene leiar dei ulike arbeidsgruppene.
- **Mandat;** Planen skal utarbeidast i tråd med ny kulturlov og kommunen sin vedtekne kommuneplan for 2007-2017. Planen skal vera to-delt. 1. del gjev status, utfordringar og strategiar for kulturarbeidet i Samnanger. 2. del vert ein tiltaksplan for gjennomføring av planen for dei neste fire åra, 2008-12. Denne skal reviderast kvart år i tråd med budsjett og økonomiplan. Kulturkonsulenten er sekretær i planarbeidet. Planprosessen skal vera brei og tverrfagleg med høg deltaking av eksterne aktørar.

Planen skal handsamast i OO innan september 2007 og endelege handsamast i kommunestyret.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune startar i februar 2007 arbeidet med å utarbeide ein Kulturplan for kommunen.

- **Organisering;** Oppvekst og omsorg er styringsgruppe for planen. Det vert oppretta ei tverrfagleg prosjektgruppe med følgjande 8 medlemmer; kulturkonsulent, kulturskulerektor, biblioteksjef, barnas repr., plan/miljøsjef, 1 repr. PLO, 1 repr. Helse/fysioterapeut og ass.adm.sjef. Ass.adm.sjef er leiar for prosjektgruppa og kulturkonsulenten er sekretær. Prosjektgruppa oppretter arbeidsgrupper og medlemmene leiar dei ulike arbeidsgruppene.

- **Mandat;** Planen skal utarbeidast i tråd med ny kulturlov og kommunen sin vedtekne kommuneplan for 2007-2017. Planen skal vera to-delt. 1. del gjev status, utfordringar og strategiar for kulturarbeidet i Samnanger. 2. del vert ein tiltaksplan for gjennomføring av planen for dei neste fire åra, 2008-12. Denne skal reviderast kvart år i tråd med budsjett og økonomiplan. Kulturkonsulenten er sekretær i planarbeidet. Planprosessen skal vera brei og tverrfagleg med høg deltaking av eksterne aktørar.

Planen skal handsamast i OO innan september 2007 og endelege handsamast i kommunestyret.

0005/07

FAGLEGE KRAV VED TILSETJING I GRUNNSKULEN.

Framlegg til vedtak::

Ved nytilsetting skal skulane i Samnanger kommune tilsette pedagogisk personale på barnetrinnet med minimum 30 studiepoeng og minimum 60 studiepoeng på ungdomstrinnet med fagleg fordjuping i det faget som det skal undervisast i. For allereie tilsette i skulane våre legg skuleeigar opp til ei friviljug vidareutdanning som resulterer i fagleg fordjuping på minimum 15 studiepoeng (¼ år). Innan to år, 2009, er målsettinga å ha styrka denne kompetansen i basisfaga; norsk, engelsk og matematikk.

Vedtaket er gjort med heimel i OPL § 10-1 og F-21/02.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ved nytilsetting skal skulane i Samnanger kommune tilsette pedagogisk personale på barnetrinnet med minimum 30 studiepoeng og minimum 60 studiepoeng på ungdomstrinnet med fagleg fordjuping i det faget som det skal undervisast i. For allereie tilsette i skulane våre legg skuleeigar opp til ei friviljug vidareutdanning som resulterer i fagleg fordjuping på minimum 15 studiepoeng (¼ år). Innan to år, 2009, er målsettinga å ha styrka denne kompetansen i basisfaga; norsk, engelsk og matematikk.

Vedtaket er gjort med heimel i OPL § 10-1 og F-21/02.

0006/07

SYSTEM FOR SKULEVURDERING I SAMNANGER KOMMUNE.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune etablerer system for skulevurdering og utvikling, jfr. OPL § 13-10, forskrift til OPL kap.2 og arbeidstidsavtale SFS 2213.

Skuleeigar og skulane skal etablere rutinar i eit årshjul som resulterer til at involverte i ansvarskjeda på kommunenivået og skulenivået, elevar og foreldre er ein del av ein kontinuerleg prosess. Skulevurdering og utvikling skal vera ein naturleg del av skulen sin verksemdsplan, kommunen sin økonomiplan (budsjett/årsmelding) og kvalitetsutviklingsarbeid (brukarundersøkingar). Skuleeigar/Oppvekst og omsorg skal handsame kvart år skulane sine vurderingsområde og utviklingsmål.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune etablerer system for skulevurdering og utvikling, jfr. OPL § 13-10, forskrift til OPL kap.2 og arbeidstidsavtale SFS 2213.

Skuleeigar og skulane skal etablere rutinar i eit årshjul som resulterer til at involverte i ansvarskjeda på kommunenivået og skulenivået, elevar og foreldre er ein del av ein kontinuerleg prosess. Skulevurdering og utvikling skal vera ein naturleg del av skulen sin verksemdsplan, kommunen sin økonomiplan (budsjett/årsmelding) og kvalitetsutviklingsarbeid (brukarundersøkingar). Skuleeigar/Oppvekst og omsorg skal handsame kvart år skulane sine vurderingsområde og utviklingsmål.